

**Forsvar resultatet av  
folkerøystinga:**

**Nei**

**til**

**EØS**



# RV er for lokaldemokrati og faglege rettar – og mot EØS!

EØS-avtalen gjer - på udemokratisk vis - alle EU-direktiv til norsk lov. Norske kommunar og fylkeskommunar er tvinga til å lyse ut anbod over 35 mill. kr. og innkjøp over 1.5 mill. kr. i heile EØS-området.

Lokalpolitikarane har mista retten til å favorisera lokalt næringsliv og verksemder med ordna arbeidstilhøve. Eit døme på dette var då RV i Odda fekk med seg kommunestyret på at berre verksemder med tariffavtale kunne leggje inn anbod. Kommunalminister Berge svara at dette var ulovleg etter EØS-avtalen og oppheva vedtaket.

EØS-avtalen undergrev faglege rettar. Eit døme på dette er byggjeplassen i Bodø kor spanske arbeidarar berre fekk 28 kr. i timen. Arbeidarane merkar allereie no den sosiale dumpinga i norsk verkstadsindustri gjennom fleire kontraktørar og dårlegare løns- og ar-

beidsvilkår. Her er dei fire viktigaste døma på tilpassingspolitikken:

## Oslokriteria

Jagland vil styre etter Maastricht-kriteria, medan sentralbanksjef Moland vil ha dei enda strammare Oslokriteria. Noreg skal vera den flinkaste guten i klassen og stramme mykje hardare inn på offentleg sektor enn EU-landa. Sjølv med ein uvanleg sterk norsk statsøkonomi held den høge arbeidsløysa fram. Det vert mindre til velferd, meir privatisering og større lønsskilnader.

## Oljedirektivet

Arbeiderpartiregjeringa har (i den vanlege alliansen med Høgre og Framstegspartiet) gått med på at oljedirektivet skal gjelde for Noreg. Dermed går fri konkurranse og profittomsyn foran


retten til nasjonal styring og miljøomsyn.

## «Festung Europa»

Regjeringa vil ha Noreg med i Schengensamarbeidet. Det tyder at den norske grensa vert yttergrense for EU. Noreg skal gjere felles sak med det rike og kvite Europa og halde ute innvandrarane frå den 3. verda.

## Vestunionen

Noreg er assosiert medlem i Vestunionen og har forplikta seg til å sende soldatar til den 3. verda når EU treng å tryggje interessene sine der. I tillegg planlegg Vestunionen ein eigen europeisk atomvåpenstrategi. Ikkje rart at Frankrike treng å øve!



**raud VALALLIANSE**

# Nei til EU-tilpasning!

Folket trassa makteliten og røysta NEI! Dei dystre spådomane til JA-sida om «utanforlandet» er avslørt som vulgær propaganda. Men regjeringa gir blaffen i folkeviljen og held fram med tilpassinga til Unionen. Statsministeren sa i januar at Noreg skal tilpasse seg meir til EU enn om vi var medlem!

Strategien er at eit framtidig Noreg som er mest mogleg likt EU lettar innlemminga i Unionen.

Ein RVar i kommunestyre og fylkesting gir deg ein konsekvent EU og EØS-motstandar, som vil motarbeide all EU-tilpassing på lokalnivå. RV vil seie opp EØS-avtalen og gå tilbake til frihandelsavtalen, som gir tollfridom på alle industrivarer, utan å ta vekk sjølvråde-retten.

**Stem på RV**  
**11. september!**

# Raud★Ungdom

er Raud Valallianse sin ungdomsorganisasjon. RU er ein revolusjonær ungdomsorganisasjon som gjer meir enn berre å meine noko om korleis verda lyt vera.

Vi gjer noko aktivt for å endre verda i dag, og vi slåss for sosialismen som eit langsiktig mål. Vi arbeidar imot rasisme, imot miljøødeleggjarr, for full kvinnefrigjering og imot EU og EØS. Vi arrangerar bøllekurs for unge jenter, studiesirkklar, leire, konferansar, hytteturar, aksjonar og mykje meir. Raud Ungdom er ein organisasjon for deg som er lei av å sittja i ein stol og se på at verda går til helvete!

Ynskjer du opplysningar om RV, fyll ut slippen og send den til Raud Valallianse, Osterhausgt. 27, 0183 OSLO

- Send meg RVs program
- Send meg ein innmeldingsblankett

Navn: .....

Adresse: .....

Poststed: .....

Telefon: .....

